

## Tid for årets økt i Eideshagen! Arbeidsoppgåver:

- Forskaling gjerde og golv grindbygg. Minst 7 stk.  
Ansvarleg Knut Aspebakken – også organisere nødvendig utstyr. Bor til gjerdestolper? Andre som vi ynskjer møter her: Hallgeir, Bjarne Bolstad, Stig Øyvind Rio Kvarme, Jan Inge Horvei, Bjarte Brattebø, Rune Midtun x 2, Arnfinn Gjerstad
- Slå rundt banen: Ryddesager; gjerne 10 ryddesager! Alle som har ryddesag, tar med denne!
- Rake saman kvist og kvast. Ha i hengar, køyre bort. Ta med rakerive!
- Traktor med hengar: Ørjan Aldal
- Liten grasklippar til å slå småplenar utanom matta: Widar
- Beitepussar: Bjørg Bøyum
- Fikse gjerde rundt groa/bekken/kummen. Utvide dør til plenklipper.  
Arbeidsleiar: Olav Skjeldal (Ta med hammar etc; sjå lageret for bord, spiker etc)
- Klatreparken: Fordele flis – her trengs 50 personar! Alle som ikkje gjer anna! Alle ungene! Flisa flytter seg nedover; vi fyller opp bøtter med flisa «i botn» og bærer opp att der det er for lite. Ta med bøtte eller finn bøtter eller bosspann i skuret.  
Arbeidsleiarar: Even Skjoldli og Gjermund Seim. Ta med eit par spader til fylling av bøtter.
- Reparere målnetta med tråd. Byte nett. Ansvarleg: Laila Brekkhus. Hugs å kjøpe inn tråd.
- Portstolpar til den nye porten. Ansvarleg: Torben
- Grilling av hamburgarar, saft og kaffi!  
Ansvarleg: Berit Mettenes og Kristine Tvedt Brekke. Hugs å ta opp grillmat torsdag eller fredag. Dette ligg i frysaren i Eideshagen!

Ta med det du treng – les over. Om ikkje du har fått «ansvar» - ta med bøtte eller rakerive. Vel møtt til ei økt i Eideshagen!